



Alver kommune
Postboks 4
5906 FREKHAUG

Vår dato:
07.04.2022

Vår ref:
2022/4722

Dykkar dato:
Dykkar ref:

22/2629

Saksbehandlar, innvalstelefon
Hege Brekke Hellesøe, 5557 2352

Uttale - Alver - 460/46 - Vågenes indre - oppføring av einebustad - dispensasjon

Vi viser til brev frå kommunen datert 24.03.2022. Saka gjeld søknad om dispensasjon for oppføring av einebustad på eigedomen gbnr 430/46 Vågenes indre.

Tomten ligg i eit i område som er avsett til LNF-formål i kommuneplanen. Eigedomen er skild ut i 1992 og er på 2012 m².

Statsforvaltaren si vurdering

Kommunen kan berre dispensere dersom omsynet bak føresegna det vert dispensert ifrå, omsyn til plan- og bygningslova sine formål eller nasjonale eller regionale interesser, ikkje vert vesentleg tilsidesette. I tillegg må fordelane ved å gi dispensasjon vere klart større enn ulempene, jf. plan- og bygningslova (tbl.) § 19-2 andre ledd.

Eigedomen består av mark som er registrert som innmarksbeite i marklagskart, og ligg saman med eit større område med innmarksbeite og noko overflatedyrka jord. Det er eit nasjonalt mål å omdisponere under 3000 daa årleg, og dette målet skal vere nådd innan 2025. Kommunen har eit klart ansvar for å nå dette målet.

Det er også problematisk å tillate ein fritt omsetteleg bustad i eit landbruksområde. Det er ikkje slik at bustadbygging berre påverkar sjølve tomtearealet. Bustadbygging medfører ei viss bandlegging på nærliggande landbruk, grunna konfliktpotensiale rundt støy og lukt frå landbruket. Eigedomen ligg tett opptil eit større areal med innmarksbeite. Kommunen må vurdere om det er fare for driftsulemper i eit langtidsperspektiv.

Det ser også ut som det er ledige bustadomter i reguleringsplan for Vågenes om lag 500 meter vest for omsøkt eigedom.

Statsforvaltaren vurdere det som uheldig å gje dispensasjon for å bygge bustad på dyrka mark, og vi ber om å få saka til klagevurdering.



Med helsing

Egil Hauge
seksjonsleiar

Hege Brekke Hellesøe
seniorrådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent

Kopi til:
Vestland fylkeskommune

Postboks 7900 5020 BERGEN